



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 9.10.2019

Verneområdestyret for Trollheimen

VOLLASETRA – STI OG HANDMARINØKKEL

Viser til sak 37/19 vedkomande stiar merka utan løyve.

I samband med ulike opphald på Vollasetra har Naturvernforbundet gjort nokre observasjonar av handmarinøkkel i dette området. Arten er notert som sårbar (VU) på siste raudlista. Artskart viser i alt åtte funn, eitt på Langbakksetra og sju på Vollasetra. Det er ein art som ikkje akkurat ropar for å få merksemd, så det er sannsynleg fleire førekomstar, utan at det let seg gjere å seie noko meir om kor mange.


Arten finst i slåttemark, men vil gå ut om slåttemarka ikkje skjøttast. Såleis var det truleg på høg tid at ein fekk i gang igjen slåtten på Vollasetra og Langbakksetra i 2011/2013.

Arten finst også andre stader der vegetasjonsdekket er tynt.

Av dei åtte kjente registreringane i dette området er tre førekomstar no moglegvis kome vekk. Den eine førekomsten på vestsida av selet på Vollasetra (merka B) blei funne i kanten av slåttemarka. Området var så i bruk til lagring av materialar i to sommarsesongar, før det heile blei avslutta med at det blei spadd torv til eit tak ganske nær ved. Området lot seg ikkje skjøtte i fleire år, og har etter dette vore omstendeleg å få skjøtta delvis etterpå. Det er leita seinare, men det er ikkje gjort gjenfunn.

På punkt A er det tynn vegetasjon og noko opa jord. Det er gjort to registreringar, litt forskjellig stad, så det kan vere to forskjellige individ. Båe sto der stien tar av mot Ekkertind. Trafikken for nokre år tilbake var akkurat nok til at området ikkje grodde igjen, no er trafikken så stor at plantene i alle fall er vekke. Om dei kan dukke opp i nærleiken seinare er uvisst.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132 -
internett www.naturvernforbundet.no/mr



Artskart pr. 9.10.2019. Oransje punkt = handmarinøkkel

Det tyder nok at 3 av 8 kjente førekomstar kan ha forsvunne i løpet av nokre få år som følge av litt tilfeldige tiltak for å legge til rette for friluftslivet. Dette er i grunnen urovekkande.

Handmarinøkkel treng nok litt betre hjelp til å overleve i tida som kjem.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal